



Hanne-Mari Engen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1995 - 15/13457

Saksbehandlar:

Jo Bjarte Tømmerbakke

jo.tommerbakke@radoy.kommune.no

Dato:

11.11.2015

## Informasjonsskriv

Som kjent gjennom media og folkemøte har Norsk Mottaksdrift og UDI planar om å opprette asylmottak på Hordabøheimen. I samband med dette har føresette gjennom FAU og Foreldreråd meldt frå at dei er bekymra for tryggleiken til borna i barnehagen og på skulen.

Det er ennå ikkje endeleg bestemt om det vert mottak på Hordabøheimen, og det er difor ikkje iverksett konkrete tiltak og avtalar ennå. Det vil ta noko tid frå avgjersla er gjort og til bebruarane eventuelt kjem, og i den tida må kommunen bu seg på den nye situasjonen. Kommunen har ikkje noko rolle i oppretting og drift av sjølve mottaket, men vil få ei rolle i tenesteyting til bebruarane.

Noko av første kommunen vil måtte gå i gang med dersom det vert oppretta mottak, er å lage eit skuletilbod for flyktningane. Kommunen har fått informasjon om at flyktningane på det eventuelle mottaket skal gå på skule kvar vekedag, på same måte som våre eigne elevar. Dette tilbodet vil bli starta opp så snart det er praktisk mogleg, etter mellom anna naudsynt helsesjekk og smittevernkartlegging. Kommunen vurderer i desse dagar ulike løysingar både innafor og utafor kommunen for korleis dette kan organiserast. Kommunen kan anten kjøpe desse tenestene hjå ein av nabokommunane våre eller vi kan drive det sjølv dersom vi kan finne eigna lokale. Det er ikkje tenkt at dette skuletilbodet skal foregå på Bø, slik at skyss er eit av momenta ein ser på løysingar for. Det er heller ikkje verken rom- eller personalkapasitet på Radøy ungdomsskule til å ta imot ei så stor gruppe på så kort varsel.

I tillegg til skuletilbodet har ungdomskoordinator, ungdomsråd og ungdomsklubben meldt si interesse for å vere med på å skape gode fritidstilbod og aktivitetar for bebruarane.

Det har og kome spørsmål om skulen og barnehagen har beredskapsplanar og kriseplanar som ivaretek den nye situasjonen. Etter lov og forskrift skal alle skular og barnehagar ha slike planar, utarbeidd etter rettleiingar og retningslinjer frå Utdanningsdirektoratet og Politidirektoratet. Desse planane skal med jamlege mellomrom repeterast, reviderast og gjennomgåast, og personalet skal kjenne til korleis dei skal handtere ulike situasjonar. Det vil vere naturleg at desse planane vert

oppdatert, revidert og gjennomgått på nytt dersom mottaket kjem. Til dømes kan dette gjelde område som inspeksjonsrutinar, varsling, evakuering og tilsyn.

Norsk Mottaksdrift har på folkemøtet informert om at dei vil ta initiativ til jamlege møter med skule og barnehage som naboar til mottaket, og at dei ønskjer dialog. Skulen, barnehagen og kommunen er positive til å delta på slike samarbeidsmøter dersom mottaket kjem. Mottaket vil sjølv ha eit hovudansvar for å gjere ei naudsynte risikovurderingar og ha egne planar for å ivareta beredskap og kriser.

Kommunen har full forståing for at føresette både kan vere bekymra og har mange spørsmål i samband med oppretting av mottak nær skule og barnehage. Før dette er endeleg avgjort vil det vere spørsmål som er uavklart. Dersom det blir mottak ynskjer kommunen umiddelbart å få kontakt med Norsk Mottaksdrift for å få meir informasjon om planlegging og framdrift.

Med helsing

Jarle Landås  
rådmann

Jo Bjarte Tømmerbakke  
kommunalsjef oppvekst

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Hanne-Mari Engen  
Gro Håland  
Jill Kristin Grindheim Bøe